



Tony Andre Fløysand
Fløksand 80
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3839 - 15/2108

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
04.02.2015

Godkjenning - GBNR 5/190 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustad

Administrativt vedtak. Saknr: 32/2015

Tiltakshavar: Tony Andre Fløysand
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-2

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld:

Tiltakshavar Tony Andre Fløysand har ved søknad journalført 25.9.2014 søkt om løyve til oppføring av tilbygg på ca 24 m² til bustadhus på gbnr 5/190 i Meland kommune. Bruken av tilbygget er oppgjeve til vaskerom og bod. Tiltaket inneber ikkje endringar i høve til eksisterande situasjon for veg-, vatn- og avlaup.

Utval for drift og utvikling i Meland kommune har ved vedtak av 2.12.2014 gjeve dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona og arealføremålet LNF i kommuneplanen sin arealdel. Søknaden er i samsvar med den dispensasjonen som vart gjeve.

Dispensasjonsvedtaket vart endeleg 30.12.2014. I høve til tidsfristane i pbl § 21-7 vert søknaden rekna som komplett frå same dato.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Alle naboar har samtykka i tiltaket.

Plan- og lovgrunnlag:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Gbnr 5/190 ligg innanfor eit uregulert område som i KPA er avsett til landbruks-, natur- og fritidsføremål (LNF). Eigedommen er i tillegg omfatta av det generelle forbodet mot byggjetiltak innanfor 100-metersbeltet mot sjø, jf. pbl. § 1-8. Som nemnd er det gjeve dispensasjon for tiltaket, slik at lov- og plangrunnlaget ikkje er til hinder for løyve som omsøkt.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 4.2.2015. Tilbygget er plassert med ei minsteavstand mot nabogrensa til gbnr 5/7 på 2,5 meter. Eigar av denne eigedommen har ved erklæring dagsett 23.9.2014 samtykka i plasseringa, jf pbl § 29-4, tredje ledd, bokstav a.

Planløyving, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar stempla godkjent 4.2.2015. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 – 29-3.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av pbl § 20-2 bokstav a, jf SAK10 § 3-1 bokstav a, løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande bustadhus på gbnr 1/4 i Meland kommune, jf søknad journalført 25.9.2014. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og plan-, snitt- og fasadeteikningar stempla godkjent 4.2.2015. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell det bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisiell registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjente teikningar - GBNR 5-190

Godkjente teikningar - GBNR 5-190 (forts)

Mottakere:

Tony Andre Fløysand

Fløksand 80

5918

FREKHAUG